

Nyhetsbrev oktober 2024

Kjære medlemmar,

Etter tre dagar på Europeisk kongress i barnefysioterapi reiser vi to frå styret som har representert faggruppa heim, fulle av nye inntrykk. Hovedtematikken for kongressen i Zurich, der 22 land var representert, var "activity and participation, quality of life and new challenges". Det var fint å oppleve kor mykje vi har til felles som fagpersonar på tvers av landegrensar, til tross for ulik organisering og system.

BUF er ein del av IOPTP, det internasjonale barnefysioterapinettverket, gjennom World Physiotherapy. I løpet av kongressen vart det oppretta eit heilt nytt Europeisk barnefysioterapinettverk. Det vil derfor det neste året bli arbeid med korleis vi skal samarbeide i dette nettverket. EUPPT var den tredje Europeiske barnefysioterapikongressen og i 2026 vil den bli arrangert i Sverige. BUF skal utpeike ein representant som skal delta i ein vitenskapleg komite for denne kongressen.

Høgdepunktet på kongressen var å treffe fysioterapeutar frå heile Europa og få innblikk i kva som rører seg på feltet og korleis dei jobber i andre land. Første dagen hadde tema aktivitet og deltaking, jmf. ICF-nivå og familiesentrert tilnærming. Kunnskapsgrunnlaget tilseier at vi bør arbeide meir slik enn mange kanskje fortsatt gjer i land med primært individbehandling på institutt eller sjukehus. I Norge er det nok spesielt tilrettelagt for dette, ved at vi har kommunefysioterapeutar som i stor grad kan implementere tiltak der barnet er; heime, i barnehage eller skole. Fleire etterlyste kommunikasjonsverktøy for lettare å kunne sette felles målsetting på aktivitets- og deltakingsnivå. Der vart blant anna GAS-mål foreslått og ulike andre metodar, som samtalekort. I Norge har vi jo individuell plan, som forskning viser fungerer godt, om koordinator mestrer oppgaven. Her kan nok mange av oss tjene på å følge intensjonen med individuell plan for å kunne jobbe aktivt med felles målsetting.

Livskvalitet var tema på andre kongressdag. Tematikken er nært knytta til aktivitet og deltaking, og i Norge må vi vere takknemlege for Hjelpemiddelsentralen som gir alle tilgang til hjelpemiddel for å kunne delta aktivt og slik oppnå auka livskvalitet. Det vart presentert fleire verktøy som dreide seg om korleis ein lettare kan kartlegge livskvalitet blant barn og unge. Blant anna var det laga kort som ein type dialogstarter med barn og unge med ulike funksjonsbehov, for å understøtte samtalen om kva som er viktig for dei.

Siste dagen handla om nye utfordringar. Vi var stolte av fysioterapeut Marte Morken Høyland frå Malvik kommune og NASKO som presenterte sine erfaringar med arbeid i skolehelsetjenesten, basert på dei nasjonale retningslinjene. Mange av fysioterapeutane som deltok på kongressen arbeider ved institutt og sjukehus, og dette fokuset på helsefremmande og forebyggjande arbeid i skolen er derfor også ganske unikt for oss i Norge. Det vart presentert forskning på ulike digitale verktøy, og her har fleire land kome lengre enn oss. Det var også mange poster-presentasjonar, så det foregår mykje relevant forskning på barnefeltet.

Vi vart ønska velkommen til kongressen med oppfordringa om å inspirere og å bli inspirert og som oppsummering av kongressen, er det vel nettopp det vi kjenner på. Vi er heldige som har rammer som gjer det muleg å arbeide i tråd med anbefalingar om fokuset på aktivitet og deltaking, livskvalitet og forebyggjande og helsefremmande arbeid. Vi er derfor takksame for alle som oppgjennom åra har lagt til rette for dei rammene vi har! Vi vil dele innhald og ressursar frå kongressen i [Barneogungdomsfysioterapi.no](https://barneogungdomsfysioterapi.no), slik at de kan få meir innsikt i nokre av sesjonane som vart presentert. Hvis du har lyst til å lese meir om barnefysioterapi i dei ulike Europeiske landa, oppfordrer vi til å lese vedlagte EU-PPT Newsletter som vart gitt ut til kongressen!

Vi treng alle mulegheiten til fagutvikling, til å bli oppfordra til å tenke nytt, til å få stadfesta at det vi gjer er riktig og å få andre perspektiv og idear. Derfor auka årsmøtet 2024 stipendpotten til kr 70 000 i året. Det betyr at 35 000 kroner no kan søkast på for å dekke kurs- og kongressavgift for avvikla kurs, så vi oppfordrer til å søke innan søknadsfristen 1. november! [Stipendkriterier](#) [Gå til søknadsskjema](#)

Hine-kursa vi har arrangert i Oslo og Lillehammer har vore fulle og neste Hine-kurs blir i Stavanger

10.01.2025. Kurset vil bli lagt ut på kurskalenderen denne veka.

Påmeldinga til [fysioterapikongressen 2025](#) er i gang! Det er fleire programpostar som er aktuelle for oss barnefysioterapeutar enn nokon gong. Vi har blant anna parallellsesjonar om fysioterapeuten sin rolle i helsefremmande arbeid, om handtering for bevegelse hos barn og om tilnærming til barn og unge med smertetilstander. Det sistnemnte blir fulgt opp med workshop om tiltak for ungdom med smerte i første- og andrelinjetjenesten. Det blir også Sherborne-workshop. I tillegg er det fleire andre tema som vil vere aktuelle for mange av oss, ikkje minst kvinnehelse.

Vi minner om gratis medlemskveld 12. november om kvinnehelse etter fødsel og opptreningsgrupper ved helsestasjonen: [Påmelding](#)

På vegne av styret i BUF

Ingunn Skogseth-Stevens, faggruppeteider